


07/96

Frå Tilsynet for Lindås Prestegard  
v/formann Hallvard Sjurseth  
boks 57, 5150 Lindås



Til Oppmålingsavdelinga  
Teknisk Etat i Lindås kommune  
Rådhuset  
5100 Isdalstø

Sak: Vegen frå krysset på Lindås til Barneskulen (Veg til Olav Hannisdal,  
Gustav Kolås, Karl Sletten og Arne Eide.)

Oppsitjarar har vendt seg til meg som formann i Tilsynet for Lindås Prestegard og ynskjer at Oppmålingsavd. tek ei synfaring på vegen ilag med oppsitjarane og underskrivne med tanke på kommunal overtaking av denne vegen. Grunnen under vegen tilhører Lindås Prestegard, og vegen er ein del av den Trondhjemske postveg. Sjølv vegen må vel idag sjåast på som privat, sjølv om han alltid har vore brukt som gangveg av skulebarn og andre. Nokre av oppsitjarane har halde vegen vedlike og syter for snøbrøyting. Tilsynet for Lindås Prestegard har ikkje nokjo imot at Lindås kommune tek over vegen og vil sjølvsagt be departementet om at vegen vert overdrege vederlagsfritt til kommunen.

Det er usemje mellom nokre av oppsitjarane om kvar grensa mellom vegen og bygsletomtene deira eigentleg går. Eg håper difor at ei synfaring ilag med folk frå Oppmålingsavdelinga vil avklara grensetilhøva.

Vi må og sjå på om brukarane av vegen må gjera noko/utbetra vegen før ei eventuell kommunal overtaking, slik at vegen stettar dei krav som vert stilte til ein slik veg med omsyn til breidd og tilgjenge elles for utrykningsbilar og bossbil.

Eg vil be om de tek kontakt med meg slik at vi kan avtale tid for synfaring.  
Eg kan treffast på Austrheim vidaregåande skule på tlf 56 16 92 75 i arbeidstida.

Lindås 25. august 1996

med helsing  
*Hallvard Sjurseth*  
formann  
Tilsynet for Lindås Prestegard